



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Høyanger Kyrkjelege fellesråd**

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 30.04.2021

**Møtebok Høyanger kyrkjelege fellesråd**

Møtedato: 29.04.2021

Møtetid: Kl. 10.00

Møtestad: Vadheim bedehus

**Til stades:**

Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Torunn Styve, Rolf Aamot, Sissel Sørebo, Kenneth Førde, Andreas Ester

**Meldt forfall:**

May-Wenche Fossmark, Tonje Førde Systad, Frode Merkesvik

**Kopi av møteboka går til:**

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Monica Sunde Tjønnås, Toril Bjørkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekklus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

**Sakliste**

**Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll**

Innkalling, sakliste og møteprotokoll vart godkjent utan merknader.

**Meldingssaker**

**021 Soknepresten har ordet**

Soknepresten heldt ei kort andakt om at vokster i Guds rike skjer stille og umerkeleg.

**022 Rekneskapsrapport**

Rekneskapsrapporten vart gjennomgått og teken til orientering.

**023 Framtidig opplegg for trusopplæring i Høyanger**

Til møtet låg det føre skriv frå Hyllestad sokneråd der det går fram at soknerådet har vedteke å avslutte samarbeidet med Høyanger kyrkjelege fellesråd om kyrkjelyds-pedagogstillinga når Toril Lange sluttar i stillinga den 31.12.2021. Sokna i Høyanger kommune må no revidere trusopplæringsplanane, leggje nokre overordna føringar for stillinga, og avklare korleis ein skal klare å rekruttere ein ny kyrkjelydspedagog. Arbeidet med dette må starte snarast.

**024 Kyrkjebygg og akutte naturfarar**

Kyrkjeverja har sendt brev til Høyanger kommune angående behov for kartleggjing og avklaring av nødvendige tiltak for å motverke flomfare ved Lavik kyrkje og gravplass. Også Vegvesenet bør tilskrivast om saka.

**025 Tiltaksplan for utbetring av glasmåleri i Høyanger kyrkje**

Kyrkjeverja har teke kontakt med NIKU, som har ekspertise på denne type arbeid, for å laga ein tilstandsrapport med plan for utbetring av rustskader i bærande konstruksjon til glasmåleriet i kyrkja. Pristilbod på synfaring og utarbeiding av tiltaksplan lyder på kr. 71 840,- eks. mva. Fellesrådet finn dette interessant, og flyttar difor denne saka over til vedtakssakene.

026

### **Synfaring i kyrkjer og på gravplassar**

I samband med fellesrådet sitt møte den 29.04. vert det synfaring i Vadheim bedehus, på Vadheim gravplass, i og ved Kyrkjebø kyrkje, og i Høyanger kyrkje og på gravplassane i Høyanger.

## **Vedtaksaker**

### **Sak 09/21 Prioritering av kyrkjevedlikehald.**

Meldingssak 025 er teke inn som ein del av vedtakssak 09/21.

#### **Fellesrådet sitt vedtak:**

- a) Innhenta tilbod frå NIKU om tiltaksplan for utbetring av glasmåleriet i Høyanger kyrkje vert akseptert, og har 1. prioritet for inneverande budsjettår.
- b) For andre vedlikehaldstiltak i kyrkjene og på gravplassane er det, etter fellesrådet sine synfaringar i juni -20 og april -21, laga ei liste. Sjå vedlegg !
- c) Til neste møte i fellesrådet førebur kyrkjeverja ei sak der tiltaka i lista er vurderte m o t tekniske løysingar, og med eit estimat for kva økonomiske kostnadar tiltaket medfører.
- d) Utfrå same lista må kvart sokneråd så snart råd er melde attende til kyrkjeverja korleis dei vil prioritere tiltaka innanfor eige sokn.

Investeringsplanen i innkallinga til dette møtet oppdaterer kyrkjeverja innan neste møte.

### **Sak 010/21 Prioritering av vedlikehald på gravplassane.**

#### **Fellesrådet sitt vedtak:**

For vedlikehald av gravplassane gjeld punkta b), c) og d) i sak 09/21 tilsvarende.

Bjørnar Otterstein  
Kyrkjeverje

## **LISTE OVER TILTAK**

etter fellesrådet sine synfaringar 11.06.2020 og 29.04.2021:

### **ORTNEVIK:**

- universal tilkomst
- sanitærtbygg
- innvendig måling

### **BJORDAL:**

- universal tilkomst
- rømningsveg frå galleriet
- måling av bårehuset

### **IKJEFJORD:**

- vedlikehald og måling av klokketårnet
- oppmåling av gravplassen
- rette opp gravminne

### **LAVIK:**

- målingsflass
- hakkespetthol
- skodder/glas i tårnet

### **VADHEIM:**

- vedlikehald og måling av klokketårnet
- grusgangane
- murane rundt klokketårnet
- diverse rekkverk
- trea rundt plassen
- kvilebenkane

### **KYRKJEBØ:**

- sakresti-innreiinga
- trea på kyrkjegarden
- smijernsporten i sør

**TUNGA:** Ingen merknad.

### **SÆBØ:**

- gjerdet rundt plassen
- ekstra feltet i aust-enden.

### **HØYANGER KYRKJE:**

- hellegang og benker
- varmpumpa
- takrenner
- glasmaleriet – sjå sak 09/21.

I Vadheim og på Sæbø er kapasiteten eit vurderingstema.  
Samla for kommunen er kravet ledig gravplass til 3 % av folketalet.

Høyanger , 29.04.2021



DEN NORSKE KYRKJA

Hyllestad sokn

Høyanger kyrkjelege fellestråd  
Dalevegen 4

6993 HØYANGER

Hyllestad, 28.04.2021

Vår ref: 2021/25 Sak: 8/2021

Arkivkode: 330/0

**Kyrkjelydspedagogstilling - felles for Høyanger og Hyllestad**  
- Avslutte samarbeidet med Høyanger kyrkjelege fellestråd 31.12.2021

Hyllestad sokneråd vedtok på møtet 27.4.2021 å avslutte samarbeidet med Høyanger kyrkjelege fellestråd om kyrkjelydspedagogstillinga når Toril Lange sluttar i stillinga 31.12.2021.

Hyllestad sokneråd, som har hatt arbeidsgjevaransvaret for kyrkjelydspedagogen, takkar for samarbeidet.

Vi har hatt kontakt med Bjørgvin bispedømme og vil på nytt ta kontakt og melde inn at eininga Høyanger - Hyllestad blir oppløyst frå 1.1.2022.

Helsing  
Hyllestad sokn



Irene Fløde  
Kyrkjeverje



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Høyanger Kyrkjelege fellestråd**

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 22.04.2021

Høyanger kommune  
Teknisk etat  
Postboks 159  
6991 Høyanger

**NATURFAREKARTLEGGING AV KYRKJEBYGG**

Frå KA si avdeling for kyrkjebygg og eigedomsforvaltning har vi fått oversendt ein rapport utarbeidd av firmaet Sweco, som viser at to av våre kyrkjer er vurderte i høve til naturfare. Begge desse kyrkjene er listeførte hos Riksantikvaren.

Rapporten som er vedlagt omtalar Kyrkjebø kyrkje som er vurdert i forhold til fare for snøskred, og som etter ei konkret vurdering er rangert i kategori **Grøn: Truleg ikkje reell naturfare**.

Dessutan er Lavik kyrkje vurdert i forhold til fare for flom, og etter ei konkret vurdering er rangeringa her **Gul: Kanskje reell naturfare**.

Her må det gjerast nødvendig kartlegging som flomberekning, kapasitetsberekning av bruer, vasslinjeberekning, vurdering av alternative flomvegar. Vasslinjeberekning må ta omsyn til, og gjere vurderingar om transport av lausmassar.


Kostnader til kartlegging er vurdert til 150 000-300 000 (Moderat usikker vurdering)  
Kostnader til sikring er vuderert til 500 000 – 1 500 000 (Stor usikker vurdering)

Vi ynskjer å drøfte med Høyanger kommune kva kartlegging som er nødvendig for å fastslå nødvendige tiltak, og såleis få eit noko meir presist kostnadsestimat på dette.

  
Myh. Bjørnar Otterstein  
Kyrkjeverje

## Tilbud

Prosjektnavn	Høyanger kyrkje, østvegg med glassmaleri
NIKU ref.:	352/21/568/KEI
Kontaktperson	Kjersti Ellewsen <a href="mailto:kjersti.ellewsen@niku.no">kjersti.ellewsen@niku.no</a> , Tlf: 91 35 20 61
Oppdragsgiver	Høyanger kyrkjelege fellesråd
Referanseperson hos kunden	Bjørnar Otterstein
Dato	29. april 2021
Tilbudets varighet	3 måneder fra utstedelsesdato



*Høyanger kyrkje, koret med glassmaleri*

### Oppdragsforståelse

Høyanger kyrkje i Høyanger kommune er fra 1960, og er tegnet av Arnstein Arneberg og Olav Platou. I korets østvegg er det et blyglassvindu med glassmaleri laget av Borgar Haugli med Kristus på korset. Mosaikken under altertavla er laget av Ragnvald Andersen, og det sentrale motivet er Føniks-fuglen.

Den bærende konstruksjonen for glassmaleriet er et rammeverk i stål. Deler av rammeverket som går ut mot den bua profilen er vinduer som kan åpnes inn mot kirkerommet. Midtpartiet med glassmaleriet er fastmontert i stålramma. På utsiden av blyglassene er det montert et varevindu med enkelt glass i trerammer.

Stålramma er sterkt preget av rustangrep, og fellesrådet er bekymret for tilstanden til glassmaleriet. NIKU foreslår en tilstandsvurdering av både mosaikk og mur i altertavla, stålkonstruksjonen i vegg, glassmaleriet og blyvinduene. Vi kan også gjøre en overordnet vurdering av fuktinntrenging, kondensproblematikk og hvilke tiltak, eventuelt videre undersøkelser, som er nødvendig for at etablere gode bevaringsforhold.



### Tilbudet omfatter:

- 1) Tilstandsvurdering av blyvinduer, glassmaleri, stålramme og altertavle i mur med mosaikker, samt vevindu.
- 2) Utkast til tiltaksplan, med forslag til behandling av de nevnte konstruksjonsdelene.
- 3) Definisjon av nødvendige kompetansekrav til utførende for restaureringen.

For at tilstandsundersøkelsen skal bli mest mulig presis bør vi få tilgang til et rullestillas i kirken ved befaringen. Tilstand og anbefalt behandling for delene av konstruksjonen som ikke er tilgjengelig under befaringen vil måtte bestemmes ut fra tilstanden på de undersøkte delene.

Kostnader for leie av stillas eller lift er ikke inkludert i tilbudet.

### Tilbudt kompetanse

NIKU har solid kulturminnefaglig kompetanse. Vi tilbyr muralkonservator som kan vurdere mosaikken, og kunsthistoriker med solid kunnskap om kirkebygninger til å vurdere konstruksjonen. Våre fagfolk har også anledning til å støtte oss på annen kompetanse i NIKU. NDR (Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider), som har restaureringstekniker på glassmalerier, er underleverandører til NIKU i dette tilbudet for å vurdere blyglassvindu og glassmaleri. NDR har også annen håndverkskompetanse de kan støtte seg på. Tilbudet omfatter en befaring til Høyanger kirke med en fagansatt fra NIKU og en fra NDR. Resultatene fra punkt 1) -3) ovenfor sammenfattes i en kort skriftlig rapport.

### Fremdrift

Befaringen er beregnet til én dag inkludert reise. NIKU og NDR har kapasitet til å utføre oppdraget i september.

### Prisestimat

Oppgave	Pris (eks. MVA)
Prosjektledelse/administrasjon/HMS	kr 8 880
Reise t/r Høyanger fra Oslo	kr 8 820
Reise t/r Høyanger fra Trondheim	8 800
Feltarbeid	kr 11 560
Rapport	kr 31 050
Kvalitetssikring	kr 2 730
<b>Sum timekostnader</b>	<b>kr 71 840</b>
Reiseutgifter (inkl. flybillett)	kr 13 900
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>kr</b>
<b>SUM TOTALE KOSTNADER ekskl. mva</b>	<b>kr 85 740</b>

Det gjøres oppmerksom på at prosjektets økonomiske ramme kan justeres i henhold til pris- og lønnsutviklingen pr. 1.1. hvert år. Ekstra kostnader i forbindelse med ventetid som skyldes Oppdragsgiver eller dennes representant vil bli fakturert og kan komme i tillegg til budsjettrammen.

Vi håper at tilbudet er av interesse og ber dere om å ta kontakt hvis dere har noen spørsmål eller ønsker å diskutere noe.

Med vennlig hilsen

Kjersti Ellewssen, avdelingsleder i NIKU og Rune Langås, avdelingsdirektør i NDR